



Statens vegvesen

VOLDA KOMMUNE
Stormyra 2
6100 VOLDA

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Ragnhild Hollingsæter Småsund
/ 90238338

Vår referanse:
20/1003-7

Dykkar referanse:
19/10028 20/16237

Vår dato:
29.10.2020

Uttale til offentlig ettersyn – Detaljregulering for Rotsetfjora – gnr. 30 bnr. 157, 286 m.fl. – E39 – Volda kommune

Vi viser til kunngjering om offentlig ettersyn datert 22.09.2020.

Statens vegvesen har ansvar for å sørge for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar blir ivaretatt i planlegginga. Vi uttalar oss som forvaltar av riksveg på vegne av staten og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar på transportområdet.

Saka gjeld

Saka gjeld endra forslag til detaljregulering for Rotsetfjora etter offentlig ettersyn for nytt offentlig ettersyn. I det endra planforslaget er det gjort grep som imøtekjem dei fleste av merknadane og motsegnene frå fylkeskommunen.

Formålet med planarbeidet er å endre gjeldande reguleringsformål frå industri til bustad/næring der det vert lagt til rette for eit nytt leilegheitsprosjekt med 2 bustadblokker over 5 etasjar og ein firemannsbustad med tilhøyrande anlegg. Samtidig vil planen vil gi allmenta tilgang til sjøkanten med offentlig strandpromenade, småbåtopptrekk og legge til rette for ny offentlig kvartalsleikeplass i sjøkanten, ny tilkomst og parkeringsplassar til Garvarbuda.

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Fylkeshuset, Julsundvegen 9, 3. etg.
6412 MOLDE

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø



Vår vurdering

I vår uttale til offentlig ettersyn datert 15.01.2020, påpeikte vi at parkeringsplassar for sykkel bør sikrast i føresegnene og ikkje berre omtalast i planomtalen. Dette er no tatt til følge.

Vi har ut ifrå våre ansvarsområde ingen merknader til dei endringane som er gjort i planforslaget.

Transportforvaltning midt 2

Med helsing

Linda Heimen
Seksjonsleder

Småsund Ragnhild Hollingsæter

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL, Postboks 2520, 6404 MOLDE
MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE, Postboks 2500, 6404 MOLDE

